



Tilbydere etter liste

Dato: 16.02.2015  
Vår ref.: 2015/1988-1  
Saksbehandlar: gunradd  
Dykkar ref.:

## Melding om kontraktstildeling i konkurranse HFK-15-0019 "Promotering av samkjøring, ide og produksjon av filmsnutter"

Vi takker for mottatt tilbud i ovannemnde konkurranse.

Etter evaluering av tilboda er vi komne til at kontrakten skal tildelast Apeland. Vi vil i det følgjande grunngje valet av leverandør i samsvar med forskrift om offentlege anskaffingar (FOA).

### Vurdering:

Totalt kom det inn 22 tilbud. Alle tilbydarane oppfylte kvalifikasjonskrava sett i konkurransegrunnlaget og var difor kvalifisert for deltaking i konkurransen. Kriteria for tildelinga var opne og knytt til ide, kvalitet og konsept. Pris var fastsett til kr 160 000,- eks MVA.

Fleire av tilboda var bygd over eit konsept som viser kor utrolig kjekt det er å køyre saman (song, musikk og kjærleik), men utan at samfunnsgevinsten ved samkjøring kjem fram på ein god måte. Valet stod til slutt mellom nokre tilbydarar som fekk synleggjort at det «forsvinner» biler frå køane ved samkjøring. Apeland hadde med dette poenget, og etter ei samla vurdering av tilboda ut frå dei fastsette tildelingskriteria har vi konkludert med at tilbodet frå Apeland har den beste ideen.

Frist for å setje fram eventuelle innvendingar mot avgjerda er onsdag 18.02.2015. Vi ber om at eventuelle innvendingar vert sendt pr e-post til [gunhild.raddum@hfk.no](mailto:gunhild.raddum@hfk.no). Kontrakt vil bli signert etter utløpet klagefrist.

Thorbjørn Aarethun  
Seksjonsleiar

Gunhild Raddum  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

